

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i 1954.

Noreg har vori med i den 9. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane og i den 17. og 18. samlinga i Det økonomiske og sosiale rådet.

Noreg har vori med på drøftingane i organisasjonen til Atlantpakta om Sambandsrepublikken Tysklands tilskot til forsvaret av Europa, og har skrivi under ein avtale om å ta opp Sambandsrepublikken i denne organisasjonen.

På ei rad internasjonale konferansar om politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle spørsmål har Noreg vori representert. Det er gjort mange fleirsidige og tosidige avtalar med framande statar.

Det norske feltsjukehuset i Korea har vorti avskipa. Riksstyra i Noreg, Danmark og Sve-riker har drøfta planar om å skipa eit sams skandinavisk undervisningssjukehus i Seoul til å utdانا koreansk medisinsk personell.

Det er skipa normalt diplomatisk samband mellom Noreg og Folkerepublikken China. Noreg har godkjent kongedøma Laos og Cambodja som sjølvstendige statar.

Forsvaret.

Utbygginga av forsvaret har haldi fram i 1954 i samsvar med dei planane som Stortinget har sagt seg samd i. Gjennomføringa av det programmet som Stortinget har gjort vedtak om for 3-års perioden fram til 1. juli 1954, er enno ikkje fullført heilt ut, sidan utbygginga kom seinare i gang enn opphavleg tenkt.

Hæren har no skipa den ståande brigaden i Nord-Noreg, førebels med noko reduserte oppsetningar. Dei byggje- og anleggsarbeid som trengst til dette føremålet, er gjennomførde så snøgt som det etter tilhøva har vori råd.

Førebuingane har haldi fram med sikte på å skipa den ståande brigaden i Sør-Noreg i 1955.

Marinen har fått to nye jagarar av Hüntklassen — «Haugesund» og «Tromsø» — i tillegg til den tidlegare fartystyrken. Desse jagarane har den britiske marinen lånt ut til oss på serlege vilkår for eit tidsrom på 4 år.

Utbygginga av Flyvåpenet har gått tilfredsstillande framover. 7 moderne skvadronar er skipa og har fått basar i ymse landsluter. Dertil blir kontroll- og varslings-systemet til Flyvåpenet stendig meir utbygd, men er enno ikkje fullført.

Hæren har haldi repetisjonsøvingar i større samband, nemleg øvinga «Vinter II» i Sør-Noreg og øvinga «Blåtind» i Nord-Noreg. Båe øvingane vart gjennomførde etter planane.

Marinen og Flyvåpenet har haldi fram med samøvingar med den danske marinen og det danske flyvåpenet.

Dessutan har norske forsvarsstyrkar i stor mon vori med på samøvingar med andre NATO-land, m. a. i samband med øvinga «Morning Mist».

Opplæringa av personell har haldi fram i stort omfang i alle forsvarsgreiner både her heime og i utlandet. Opplæringa i utlandet går for det meste for seg i Sambandsstatane og gjeld serleg opplæring av teknisk personell til det materiellet som Noreg får gjennom våpenhjelpprogrammet.

Flyvåpenet får framleis utdانا flygarar og navigatørar i Canada på vilkår som er sær gode for oss.

Levering av forsvarsmateriell i samband med det amerikanske hjelpeprogrammet har haldi fram i monaleg omfang, og dei amerikanske styremaktene har i samband med våpenhjelpprogrammet plasert store tingingar på forsvarsmateriell i Noreg.

Det har gått monaleg framover med dei militære byggje- og anleggsarbeid i Noreg som er internasjonalt finansierte av NATO. Nokre av arbeida er fullførde. Det gjeld radio-linken Oslo—Bergen, som i samsvar med dei reglane som NATO har fastsett, blir nytta av Telegrafverket til å dekkje det sivile behovet i den mon det er ledig kapasitet.

Dessutan har det vori prøvedrift av radiolinken Bergen—Lerwick og på sjøkabelen Bergen—Aberdeen, som kjem til å bli fullført i første kvartalet 1955.

Arbeida på dei samfinansierte flyplassane har haldi fram i samsvar med planane og i takt med oppsetjinga av dei taktiske flystyrkjane til Flyvåpenet. Dei fleste flyplassane i det sams byggjeprogrammet for 1952 er alt tekne i bruk, enda om det enno står att noko arbeid.

Produksjonsutviklinga.

Produksjonen har i 1954 stigi sterkare enn i åra før. Den samla produksjonen av varer og tenester har vori nære på 4 pst. høgare enn i 1953. Det er mest det doble av den årlege stiging i dei to åra før. Det er serleg den sterke produksjonsauken i industrien som er grunnen til oppgangen i nasjonalproduktet, men på dei fleste andre område òg har det vori monaleg stiging. Viktigaste unnataket er jordbruket, der produksjonen har legi på om lag same nivået som i 1953.

Produksjonsoppgangen i industrien er ei fylgje av både auka kapasitet, betre tilgang på innanlandske råstoff og lettare avsetnad på produkta frå utførsleindustrien. Både i industrien, i bygge- og anleggsverksemda, i skipsferdsla og i samferdsla elles har produksjonsmengda vori høgare enn nokon gong før. Men i skipsferdsla har ikkje inntektene stigi i takt med produksjonsmengda, for fraktenene har jamt over vori låge, og kapitalutgiftene har gått opp.

Utanriksøkonomien.

Verdet av vareutførsla har vori noko høgare i 1954 enn året før. Når ein tek med kvalolje levert beinveges frå feltet, blir verdet av utførsla etter førebels oppgaver om lag 4 000 mill. kroner. Skip er då ikkje medrekna. Dette er ein oppgang på ca. 400 mill. kroner frå 1953. Verdet av vareinnførsla utanom skip var også høgare i 1954 enn i 1953. Etter førebels oppgaver var verdet av innførsla utanom skip i 1954 nær 6 000 mill. kroner eller vel 300 mill. kroner meir enn året før. Det vart i dei 11 første månadene av 1954 selt skip for 169 mill. kroner og innført skip for 1 188 mill. kroner. Tilsvarende tal for 1953 var i same fylgd 158 mill. kroner og 759 mill. kroner. Innførsleoverskotet av skip har såleis gått opp frå 601 mill. kroner i januar—november 1953 til 1 019 mill. kroner i dei same månadene i 1954, altså med vel 400 mill. kroner.

Mengda av vareutførsla utanom skip var monaleg større i 1954 enn i 1953. Det har serleg vori stor auke i utførsla av sild og sildeprodukt og treforedlingsprodukt. Det har elles vori bra oppgang i utførslemengda for dei fleste viktigare varegruppene. Innførslemengda har auka for alle viktigare varegrupper så nær som korn og mjøl og førststoff. Det har vori stor stiging i innførsla av kubb og celluloseømmer, maskinar og bilar.

Prisane på utførslevarerne har stigi litt fram gjennom 1954, og låg i dei første 10 månadene jamt over noko høgare enn prisane i 1953. Prisane for innførslevarerne har derimot framleis hatt lag til å sige litt. Tilhøvet mellom prisane på varer vi har ført ut, og på varer vi har ført inn, har altså vori noko betre i 1954 enn i 1953.

Innførsleoverskotet av varer utanom skip gjekk ned med om lag 200 mill. kroner frå 1953 til 1954. Nettoinnførsla av skip auka med nære 400 mill. kroner, samstundes som nettofraktinntektene i utanriksfarten venteleg blir om lag som i 1953. Ein rekmar med at underskotet på vare- og tenestebalansen etter dette blir om lag 1 100 mill. kroner. Året før hadde vi om lag 1 000 mill. kroner i underskot på vare- og tenestebyttet med utlandet. I 1954 tok vi mot 29 mill. kroner meir i nettostønader frå utlandet enn vi betalte i nettorente til utlandet.

Underskotet på driftsbalansen vart dekt med kreditt i Den europeiske betalingsunionen, ved opptak av faste utanlandske lån og ved auke i forretningsgjelda til utlandet. Den likvide valutamengd i Noregs Bank og privatbankane, har derimot ikkje gått mykje ned.

Jordbruket.

Vokstertilhøva var stort sétt laglege for heile landet i 1954, men vanskeleg innhaustingsvær gjorde at kvaliteten til dels vart nedsett.

Førebels utrekningar viser ei avling i 1954 på i alt 2 124 mill. føreningar eller 101 pst. av eit medels år. Dette er noko mindre enn førre året. I hagebruket vart det sers gode fruktavlingar. For eple er det rekna med ei avling på 120 pst. av eit medels år med ei avling på 65 000 tonn mot 32 000 tonn året før. Grønsaker var derimot medels.

Kornarealet viser ein auke på 8 pst. Den største auken fell på byggarealet, som har auka med heile 17 pst. sidan året før. Våren kom så seint at ein ikkje har fått den fulle verknaden av den høgde kveiteprisen, men kveitearealet har likevel auka med 16,2 pst.

Grønsakvidda viser derimot ein nedgang på heile 25 pst.

Mekaniseringa har stendig haldi fram. Ein reknar no med at det er om lag 25 000 jordbrukstraktorar i landet.

Hestehaldet går stendig attende. Det er òg nedgang i talet på mjølkekyr, men mjølkemengda har haldi seg på same nivå som i 1953. Sauehaldet har gått noko attende sidan førre året, medan geitehaldet viser ein liten auke. Talet på svin og fjørfe viser òg stiging sidan 1953.

Kjøl- og fleskeproduksjonen vil venteleg stige noko. Osteproduksjonen viser òg stiging, medan smørproduksjonen har gått noko attende.

Det er bra tilførsle og store nok lager av kraftfôr og kunstgjødsl.

Helsetilstanden hos husdyra har stort sétt vori god i året. Den smittsame kalvekastinga synest å vera utrydda. Kampen mot ei rekkje andre sjukdomar held fram.

I 1954 er det gjevi stønad til å leggje inn vatn på i alt 11 904 eigedomar med 14 160 husstandar og 58 112 menneske.

Av den delen som Noreg skal byggje av reingjerde på grensa mellom Noreg og Finland, er i 1954 bygd ca. 78 km.

Det ligg enno ikkje føre oppgåve over jorddyrking og bureising i 4. kv. 1954. Oppgåva over nydyrking i dei 3 første kv. 1954 syner ein auke i det nydyrka arealet på 20,4 pst. jamført med dei tilsvarende kvartala i 1953. Reknar ein med ein tilsvarende auke i 4. kv., vil det ferdigdyrka arealet i 1954 koma opp i om lag 57 000 dekar. Dei tilsvarende oppgåvene for grøfting av tidlegare dyrka, men vassjuk jord, viser ein auke på 40 pst. Under same føresetnad som for nydyrking vil det samla arealet for grøfting koma opp i om lag 67 000 dekar. Oppgåva over overflatedyrking i dei 3 første kvartala i 1954 syner ein nedgang i høve til 1953 på 1,5 pst. Ein reknar med at det ferdigdyrka arealet for året 1954 kjem opp i om lag 30 000 dekar. I 1954 er det gjevi stønad til å reise 164 nye bureisingsbruk. I same tid er det bygd ferdig hus på 300 bureisingsbruk.

Det er gjevi stønad til å byggje 210 nye vegar med eit samla tilskot på ca. kr. 3 850 000 for ei lengd på om lag 443 km. I same tidsrom er det bygd ferdig 110 vegar med ei samla lengd på 264 km.

Ein reknar med at det samla talet på ferdige siloar i 1954 blir om lag 1 500 mot 1 682 i 1953.

Det er bygd om lag like mykje gjødsl- oppsamlingsanlegg som førre året. Ein reknar med at det i 1954 blir bygd ferdig om lag 2 000 nye anlegg. Talet for 1953 var 2 042.

Skogbruket.

I driftsåret 1953/54 vart det etter førebels oppgaver pr. 30. juni 1954 avverka ca. 7 mill. m³ salstømmer. Dette er noko mindre enn i førre driftsåret, da avverkinga etter dei endelege oppgåvene var om lag 7,7 mill. m³. Driftstilhøva siste året var gode for heile landet, og stort sétt greidde det seg med tilgangen på arbeidskraft.

I 1953/54 er det med statstilskot og med tilskot frå Rasjonaliseringsfondet for Skogbruket bygd 570 km skogsbilvegar og 66 km traktorvegar, som i alt har kosta 9,8 mill. kroner. Av dei har staten ytt 1,8 mill. kroner. Til samanlikning kan nemnast at det i 1952/53 vart bygd 493 km skogsbilvegar og 52 km traktorvegar med statstilskot. Det er framleis stor trong til å rasjonalisere framdrifta av skogsvyrket.

Skoggrøftinga har auka mykje i dei siste åra. I 1953 — siste året som det er oppgaver for — vart det gravi om lag 2 000 km nye grøfter og reinska om lag 1 500 km. Dei tilsvarende tala for 1952 var i same fylgd 1 300 km og 1 600 km. Omfanget av grøftinga i 1954 har etter førebels oppgaver vori om lag som i 1953.

Skogreisninga i kyststrøka, og skogkulturarbeida i resten av landet har òg hatt god framgang i 1954. Det er såleis planta ca. 57 mill. plantar eller om lag 12 mill. meir enn året før. Om lag halvparten av plantane er sette út i kyststrøka på Vestlandet og i Nord-Noreg. I 1954 var det eit svært rikt frørår på gran, og det vart sankt ca. 3 000 tonn kongler. Konglesankinga held òg fram utover vinteren.

Skogplanteskulane har hatt eit godt år og rår no over ei plantemengd på 440 mill. mot 350 mill. året før.

Kjøparane og seljarane vart ikkje samde om tømmerprisen for 1954/55. Føresegner om prisregulering for tømmer og kubb vart derfor gjevne ved kgl. resolusjon 3. desember 1954.

Hausten 1954 har vértilhøva vori laglege for tømmerhogsteren, men delvis fordi tømmerprisane vart så seint fastsette, er det hogd mindre tømmer enn hausten før. Såleis var det pr. 15. desember avverka 2,25 mill. m³ mot 2,8 mill. m³ året før.

Fisket.

Dei norske fiska gav i 1954 eit større totalkvantum enn noko år før. Totalfangsta skulle etter førebels oppgaver koma opp i om lag 1,9 mill. tonn mot 1,4 mill. tonn i 1953. Førstehansverdet kjem i 1954 venteleg opp i 545 mill. kroner mot 480 mill. kroner i 1953. Auken i totalfangsta kjem av det gode

sildefisket, det gjeld både vintersild, feitsild og småsild. Torskefiska må seiest å vera mindre gode.

Vintersildfisket gav ei rekordfangst på nærmare 1,1 mill. tonn mot 670 000 tonn i 1953.

Lofot-fisket gav ei fangstmengd på 46 000 tonn mot 52 000 tonn i 1953.

Vårtorskefisket i Finnmark gav ei fangstmengd på vel 20 000 tonn mot 43 000 i 1953, som er den største fangstmengda etter krigen.

Fangstmengda av torskefiska ved Vest-Grønland var større enn i 1953, og kom opp i 16 000 tonn salta torsk.

Fangstmengda av islandssildefisket var mindre god.

Både feitsildfisket og småsildfisket var bra, medan brislingfisket gav ringare fangstresultat enn året før.

Makrellfisket synte nedgang jamført med 1953, medan fisket etter makrellstørje gav eit betre resultat enn året før.

Utførsla av fisk og fiskevarer har gått bra i 1954. Utførsleverdet er på vel 900 mill. kroner, medan det i 1953 nådde 700 mill. kroner. Auken i utførsleverdet kjem mest av det store vintersildfisket, som har ført til ei delvis monaleg større utførsle av sildemjøl og frosen sild. Utførsla av dei andre fiskevarene var om lag som vanleg. For dei fleste varene har prisane stort sett kunna haldast på 1953-nivået. Det har vori nokon auke, serleg for sildemjøl.

Utbygginga av fryseri, kjøleanlegg og andre tilverkingсанlegg har haldi fram. 2 nye fryseri, i Skudesneshavn og Berlevåg har komi i drift i året.

Kvalfangsta.

Noreg var med i Antarktis-fangsta 1953/54 med eit større fangstmateriell enn i førre fangstbolken. Alle dei 9 flytande kvalkokene med til saman 100 kvalbåtar var sette inn i den pelagiske fangsta, mot 7 flytande kvalkoker og 95 kvalbåtar i fangstbolken 1952/53. Landstasjonen i Husvik Harbour på Sør-Georgia vart som før driven med 7 kvalbåtar.

Sidan fangstflåten var større, vart òg fangstmengda større enn i førre sesongen. I alt tilverka dei norske ekspedisjonane 1 028 000 fat kval- og spermolje, d. e. 214 000 fat meir enn i fangstbolken 1952/53. Kvaloljeproduksjonen åleine var på 993 000 fat, og av den vart vel ein fjerdedel seld til norsk industri, og resten gjekk til utlandet.

Den prisen som ein fekk for kvaloljen i fangstbolken 1953/54, vart jamt over noko lågare enn i førre sesongen, nemleg £ 68—9 mot £ 71—17. Det samla verdet av den norske

produksjonen av kvalolje, spermolje og attåtprodukt i fangstbolken 1953/54 gjekk likevel opp til 242 mill. kroner frå 198 mill. kroner i fangstbolken 1952/53.

I denne fangstbolken, 1954/55, er Noreg atter med i den pelagiske fangsta med heile kvalkokeflåten på 9 skip og med 101 kvalbåtar. Frå landstasjonen i Husvik Harbour blir fangsta òg så denne gongen driven med 7 kvalbåtar.

Industrien.

Produksjonen i bergverk, industri og kraftforsyning auka med om lag 6 pst. frå 1953 til 1954. Produksjonsauken kjem noko av auka etterspurnad, noko av høgare produksjonskapasitet og noko av betre tilgang på råstoff.

Det var serleg i utførsleindustrien at produksjonen auka i 1954, og auken var sterkast ved sildoljefabrikkane, treforedlingsindustrien og den elektrokjemiske industrien. Nemnande nedgang i produksjonen var det berre ved ferrolegeringsverka.

Heimeindustrien med synte nokon auke i produksjonen. Av dei einskilde industrigreinene var det sprengstoff-fabrikkane, målings- og lakkfabrikkane, superfosfatfabrikkane og jord- og steinvareindustrien som synte sterkast oppgang i 1954. Serleg sterk nedgang i produksjonen i 1954 var det ved meieria og mjølkekondenseringsfabrikkane.

Kolproduksjonen på Svalbard gjekk ned frå 426 000 tonn i 1953 til om lag 330 000 tonn i 1954. Det har ikkje vori drivi produksjon ved anlegget i Kings Bay det siste året.

Elektrisitetsutbygginga har haldi fram stort sett etter det fastlagde programmet. I året som gjekk, er det komi til om lag 227 000 kW ny maskinkapasitet i kraftverka i landet.

Nokre større einingar som skulle ha komi i drift før årsskiftet 1954/55, kjem først inn etter årsskiftet, og tilvokstere skulle bli omfram stor i 1955. Vasstilhøva har stort sett vori gode sønnafjells, mindre bra og til dels dårlege nordafjells. Kraftproduksjonen har komi opp i om lag 21 800 mill. kWh.

Byggje- og anleggsverksemda.

Dei retningslinene som har vori gjeldande for bustadbygginga i 1954 har stort sett vori dei same som året før. Det har vori sett grenser for omfanget av tilsegner om lån frå Statens bustadbankar. Alt i alt reknar ein likevel med at det i året er bygd ferdig om lag like mange husvare som i 1953. Byggje- og anleggsverksemda har elles òg vori svært stor, m. a. i samband med vernetiltaka.

Tilgangen på dei viktigaste materialane har stort sétt vori god, men det har vori naudsynt å føre inn eit stort kvantum sement for å dekkje både sivil og militær etterspurnad.

Investeringane i byggje- og anleggsverksemda har i 1954 vori større enn året før. Auken skulle vera vel 4 pst. rekna i faste prisar.

Skipsterdsla.

Handelsflåten har auka sterkt i 1954. I dei 10 første månadene av året hadde han ein netto-auke på 400 000 br. tonn mot i heile året 1953 386 000 br. tonn. Held ein fiske- og fangstflåten utanfor, men elles tek med alle registreringspliktige skip, dvs. skip ned til 25 br. tonn, var handelsflåten pr. 1. november 1954 på om lag 6 650 000 br. tonn. Av det var tanktonnasjen 56 pst.

Tilgangen til flåten i dei første 10 månadene av 1954 var i alt 626 000 br. tonn, om lag alt nybygde skip. Frå utlandet vart det innført nye skip — mest tankskip — på til saman 488 000 br. tonn, medan det frå norske verkstader vart levert nybyggingar på i alt 123 000 br. tonn. Denne tilgangen av norskbygd tonnasje var større enn noko år før. Innførsla av eldre skip frå utlandet var på berre 14 000 br. tonn.

Frågangen frå handelsflåten var i dei 10 første månadene av 1954 på i alt 228 000 br. tonn. Av denne frågangen var berre 5 000 br. tonn forlis og kondemnering, medan 223 000 br. tonn var sal av eldre skip til utlandet. Dette salet var ein god del større enn i 1953, da det i heile året vart selt eldre tonnasje på i alt 156 000 br. tonn.

Alderssamansetninga åt handelsflåten har betra seg mykje dei siste åra. Ved utgangen av 1953 var 42 pst. av tonnasjen under 5 år gamal mot berre 17 pst. ved utgangen av 1946. På den andre sida var den overårige delen av flåten, d. e. skip på 20 år og meir, nede i 18 pst. ved utgangen av 1953 mot 30 pst. ved utgangen av 1946.

Kontraheringa av nye skip tok seg opp att i 1954 etter den sterke nedgangen i året før, da nettokontraheringa var på berre om lag 20 000 br. tonn. I tida 1. januar til 22. november 1954 vart det kontrahert (netto) ved utanlandske og norske verkstader til saman om lag 360 000 br. tonn, og av dei var 74 pst. tørrlastskip og 26 pst. tankskip. Kontraheringa av tørrlastskip var serleg stor i månadene oktober og november, da det var etter måten godt høve til å kontrahere skip av denne typen. Pr. 1. november 1954 var det i bygging og tinga for norsk rekning ein tonnasje på i alt 1 930 000 br. tonn, av dei

var 1 420 000 br. tonn kontrahert i utlandet og 510 000 br. tonn i Noreg. Av den tonnasjen som var kontrahert i utlandet, var 70 pst. tanktonnasje, og av den som var kontrahert i Noreg, var 77 pst. tanktonnasje.

Fraktmarknaden for store tørrlastskip heldt seg heilt fram til august 1954 på det same låge og stabile nivået som sermerkte heile 1953 og siste halvparten av 1952. Fraktene i denne perioden var høge nok til å halde så å seie heile trampflåten i fart, men gav snautt noko nemnande fortjeneste. For små og medels store tørrlastskip var fraktmarknaden serleg vanskeleg i denne tida opp til ettersumaren 1954. Det har difor vori opplagt eit rett stort tal småskip, og mange har vorti selde til utlandet. Frå august kom det likevel ei tydeleg betring. Etterspurnaden etter tonnasje tok til å auke nokså mykje som fylgd av ei uventa sterk stiging i kol-skipinga frå Sambandsstatane og større verksemd på sume andre oversjøiske marknader for korn m. m. Det vart ein viss skort på tonnasje som førde til sterk oppgang i fraktratene på desse sesongprega marknadene og dessutan til oppgang på ei rad andre marknader. Norwegian Shipping News' turfraktindeks gjekk alt i alt opp frå 87,1 poeng i august til 111,7 poeng i november, ein oppgang på 4 månader på 28 prosent.

For tankskip i lausfart har stillinga i 1954 vori sers vanskeleg. I førstninga av året låg fraktratene på same låge nivået som i mesteparten av 1953, men inntektene var likevel store nok til at dei fleste tankskipa kunne haldast i fart. Våren 1954 var det ein liten sesong-oppgang i tankratene, men den vart avløyst av ein hard nedgang ut gjennom sumarmånadene. Turfraktratene for tankskip som i mars månad jamt over låg på 99,6 pst. av MOT-standardrater fall heilt ned til 55,9 pst. av MOT-ratene i juli, den lågaste rate som har vori notert i etterkrigstida. Under dette samanbrotet på tankmarknaden, som kom av ei brå minking i etterspurnaden etter tonnasje, steig opplegga snøgt. Pr. 1. august 1954 var det opplagt 33 norske tankskip på i alt 340 000 daudvekt-tonn. Tankmarknaden vart atter noko meir normal i haustmånadene — med turfrakter på jamt over 86,7 pst. av MOT-ratene i november, og opplegga minka etter kvart.

Dei sterke svingingane i turfraktene i 1954 hadde innverknad for berre ein etter måten liten del av den norske tankflåten — om lag 18 pst. av flåten var sysselsett i lausfart hausten 1954. Storparten av tankflåten har segla på langsiktige tidscerteparti til høgare rater enn dei som galdt i 1954.

Netto-fraktinntektene til handelsflåten i

utanriksfart var i 1953 på i alt 1 722 mill. kroner. For 1954 reknar ein med at nettofraktinntektene vil bli litt høgare, nemleg om lag 1 750 mill. kroner.

Innanlandsk samferdsle.

Jernbanestrekningen Bergen—Voss vart opna for elektrisk drift i juli 1954. Dermed er 1 230 km eller om lag 28 pst. av samla driftslengd ved Statsbanene elektrifisert. Ein reknar med at om lag 50 pst. av trafikken går på dei elektrifiserte banestrekningane. Elektrifiseringsarbeid går no for seg på Sørlandsbanen, Vestfoldbanen og austre line av Østfoldbanen. Trafikken ved Statsbanene syntte nedgang frå 1952 til 1953, men viser for 1954 oppgang både for gods og passasjerar.

Verksemda på veganlegga har auka noko i 1954 jamført med året før, noko ved hjelp av statsløyvingar og noko ved monalege forskot frå distrikta. Arbeidet med å mekanisere og konsentrere anleggsarbeidet har haldi fram.

Vedlikehaldet av vegane er haldi oppe for å tryggje ferdsla og for å halde transportutgiftene så låge som råd er.

Trafikken med rutebilane viser framleis ein stigande tendens. Tildelinga av regulert bilmateriell var i 1954 monaleg større enn i 1953. Auken vart mogleg ved switch-forretningar på Aust-Europa.

I den internasjonale rutflyginga har trafikken vori stabil, men innanlandsk rutflyging fekk i 1954 utvida heilårsdrift og viser sterk auke i trafikken.

Turistferdsla hadde eit nytt rekordår i 1954. Talet på utanlandske turistar som kom til landet, steig med om lag 13 pst. og ligg på om lag 780 000. Hotell og herbyrge auka gjestetallet enda meir, og på sume stader er hotellkapasiteten for liten til å stette krava.

For Postverket utvikla trafikken seg godt i 1954. Brevposten auka noko, og det var ein sers fullnøyande vokster i verksemda til Postgiroen og Postsparebanken.

Den innanlandske telegramtrafikken har gått enda noko ned i 1954, medan telegramtrafikken med utlandet har auka noko. Rikstelefontrafikken og lokaltrafikken stig framleis. Talet på telefonapparat som er knytte til telefonanlegga til Telegrafverket, har auka med vel 20 000. Etterspurnaden etter telefon er framleis stor.

Sysselsetjinga.

Sysselsetjinga har i 1954 legi høgare enn nokon gong før. Sétt under eitt har arbeidsmarknaden vori svært stram, serleg i 2. og 3. kvartalet. Etterspurnaden etter arbeids-

kraft har vori større enn tilbodet, og det har vori knapt om arbeidskraft i ei rad yrke og næringar, serleg i sumarhalvåret. Det har vori knapp tilgang på faglærde bygningsarbeidarar og fagarbeidarar til industrien, kvalifiserte sjøfolk og gardsarbeidarar, hus-hjelper og arbeidarar til helserøkta.

Sysselsetjinga har gjennom heile året legi monaleg høgare enn i 1953. I dei 10 første månadene av året har talet på lønsmottakarar jamt over vori 19 100 høgare enn i dei same månadene i 1953. Den naturlege tilvoksteren til den arbeidsføre delen av folket har vori om lag 7 300 personar. Dei gruppene som har auka mest er industrien med 6 900 personar, forretningsverksemd med 6 800 og byggjeverksemd med 4 100 personar. Sysselsetjinga i anleggsverksemda var i 1. kvartal høgare enn i 1953, men har sidan legi lågare enn på same tid i 1953. Ein har såleis hittil i år nådd ei monaleg betre sesongutjamning i anleggsverksemda enn før. Sysselsetjinga i industrien i slutten av oktober var 9 900 høgare enn året før. Største auken er i jern- og metallindustrien, nærings- og nyttingsmiddelindustrien, treforedlingsindustrien, trevareindustrien og den kjemiske og elektrokjemiske industrien. I kleideindustrien og tekstilindustrien har sysselsetjinga vori noko lågare enn i 1953.

Sysselsetjinga i jordbruk, skogbruk og husarbeid har vori lågare enn i 1953.

Vinterarbeidsløysa var mindre enn i 1953. I 1. kvartal var det i medeltal registrert 4 900 færre arbeidslause enn i same tidsrommet året før. Det vart sett i gang omframarbeid i større mon enn året før. Mesteparten av arbeidsløysa siste vinteren varde stutt tid. Ho har som før vori konsentrert om serskilde område, og i Nord-Noreg er ho stadig det mest alvorlege problemet på arbeidsmarknaden saman med ei latent strukturell arbeidsløysa. I sumarhalvåret har det vori minimal arbeidsløysa.

Løner.

Lønsutviklinga i 1954 har først og fremst vori fastlagd av tariffoppgjere dette året. Etter at tingingar hadde komi i gang for ein del av vårfaga, vart det teki opp tingingar mellom Norsk arbeidsgiverforening og Arbeidernes faglige Landsorganisasjon for vårfaga under eitt. Tingingane tok til 19. april 1954 og vart slutførde 12. mai. Framlegget som vart vedteki, inneheldt føresegn om godtgjersle for rørlege helgedagar for time-, dag- og akkordarbeidarar og godtgjersle for fråvære som blir valda av verksemdulykker. Det vart dessutan teki med indeksføresegn som gjev partane høve til å krevja at det blir

teki opp tingingar i tarifftida dersom Statistisk Sentralbyrås indekstal for levekostnader pr. 15. mars eller pr. 15. september viser stiging eller fall på 7 poeng eller meir i høve til indekstalet pr. 15. mars 1954.

Parallelt med tingingane mellom hovudorganisasjonane om betaling for rørlege helgedagar, løn under sjukdom som er valda av verksemdulykker osfr., vart det tinga om serkrav frå samskipnader som kjem inn under vårfaga. Dei gruppene som var dårlegast stelte, for det meste vekelønte, fekk lønssatsane sine lyft, medan dei aller fleste akkordsatsane vart ubrigda.

Godtgjersla for rørlege helgedagar tyder ein lønsauke på 1,5 pst. for vaksne menn og kvinner i industrien totalt, rekna på medeltimeforteneste i 1. kvartal 1954. Føresetnaden er da at alle arbeidarar, så nær som vekelønte som før hadde betaling for helgedagane, får godtgjersla. Lønstillegga for dei lågast-lønte gruppene kan setjast til om lag 4—5 pst.

Oppgjeret for haustfaga har stort sett fylgt dei same linene som for vårfaga, og ein kan rekne med at tariffoppgjeret for arbeidarar i industrien har ført med seg ein lønsauke på om lag 3 pst.

Tariffoppgjeret for handels- og kontorfunksjonærar ved verksemdar knytte til Norsk Arbeidsgiverforening førde til ei lyfting av 7- og 8-årssatsane med kr. 35 for månaden for menn og kvinner. Dessutan vart 3½-årsatsen for kvinner lyft med kr. 20 for månaden. Avtalen skal vara til 31. mars 1955.

For handels- og kontorfunksjonærar ved verksemdar knytte til Handelens Arbeidsgiverforening vart tariffoppgjeret ordna ved mekling. Det vart gjevi tillegg på alle satsar, same tillegg for menn og kvinner. 7-årsatsane vart lyfte med kr. 55 for månaden, 8-årssatsane med kr. 60. Dessutan vart det skipa ein 10-årssats som ligg kr. 85 over den tidlegare 8-årssatsen. Tariffane er to-årige med føresegn om indeksregulering.

Lønsregulativet for statens tenestemenn vart revidert pr. 1. juli 1954. Det vart innført eit nytt alderstillegg etter 8 år for alle lønsklassar til og med klasse 15. Lønssatsane frå og med klasse 16, som ikkje har alderstillegg, fekk eit tilsvarande tillegg på grunnløn. For tenestemenn i lønssatsane til og med 7, og som var tilsette før 1. juli 1954, vart halve alderstillegget gjevi etter 4 år. Kommunefunksjonærane har fått tillegg på regulativlønna med frå 300 til 1 300 kroner for året.

I alt gjekk det i 1954 fram til 20. november tapt 59 000 arbeidsdagar ved konflikt, når lærarstreiken i Oslo ikkje blir medrekna. Den største konflikten var den ulovlege streiken

ved Torp Brug. Den førde til tap av vel 45 000 arbeidsdagar. Talet på tapte arbeidsdagar i 1954 var i alt noko større enn i 1953, men berre om lag halvta av talet i 1952.

Prisutviklinga.

Prisnivået heldt seg i 1953 nokolunde stabilt, men steig nokså sterkt i første halvpart av 1954, og gjekk så noko ned att i haustmånadene.

Engrosprisindeksen var i slutten av 1953 276 (1938 = 100), og steig til 284 i juli 1954, eller med 2,9 pst. Seinare har nokre prisar falli att, slik at engrosprisindeksen for oktober og november er komen ned til 280. Jamført med november 1953 er såleis engrosprisindeksen no 4 poeng eller 1,4 pst. høgare. Det er serleg prisane på kaffi og jordbruksvarer som har stigi det siste året. Dersom prisane på desse varene hadde vori dei same i november 1954 som i november 1953, ville engrosprisindeksen ha vist eit fall på om lag 2 poeng.

Levekostnadsindeksen som hadde ei svært moderat stigning i 1953 — frå 135 (1949 = 100) i desember 1952 til 137 i desember 1953 — steig tolleg sterkt i første halvpart av 1954 og var for juli månad komen opp i 145. I august heldt indekstalet seg ubrigda, men gjekk så ned att til 144 i september og til 143 i oktober. I det siste året, frå oktober 1953 til oktober 1954, har levekostnadsindeksen i alt stigi 6 poeng eller 4,4 prosent. Det meste av denne stiginga, i alt 4,1 poeng, kjem av oppgang i prisane på matvarer. I matvaregruppa har auken i prisane på jordbruksvarene kjøt og kjøtvarer, mjølk og mjølkeprodukt, egg, poteter, grønsaker, frukt og bær, ført til ei stiging i indeksen på 2,8 poeng, prisstiginga på kolonialvarer 0,8 poeng (av dei kaffi 0,6 poeng), stiginga på brødvarer 0,4 poeng, «matvarer elles» 0,3 poeng, og fisk og fiskevarer 0,2 poeng. Fallet i fleskeprisane har hatt ein indeksverknad på 0,4 poeng. Stiginga i bustadutgiftene for skuld dei høgare husleigene i nye hus og husleigetillegget på 11,11 pst. i hus bygde før 1930 har ført til ein oppgang i levekostnadsindeksen på 0,9 poeng. Resten av stiginga siste året fell på klede, brensel og posten «andre utgifter».

Penge- og kreditt-tilhøva.

Det har i 1954 vori ei etter måten stor tilførsle av likvide midlar til verksemdar og private. Det kjem noko av overføringar frå staten og statsbankane og noko av auke i bankutlåna. Sal av valuta frå Noregs Bank har ført til ei viss likvid-inndraging.

Utlån frå aksje- og sparebankane har i 1954 stigi sterkare enn innlåna.

Stiginga har vori noko større enn i 1953. Bankane har auka sin beholdning av ihende-havarobligasjonar, mellom anna som fylgd av at dei har teki over det meste av dei nye statslåna som vart opptekne i 1954. For å skaffe midlar til utlånsauken og obligasjonskjøpa, har bankane måtte redusere beholdningane sine av likvide midlar. Både folio-innskota i Noregs Bank og beholdningane av statskassevekslar har gått ned.

Kredittgjevinga frå statsbankane har i 1954 vori avgrensa ved dei retningslinjer som vart gjevne i nasjonalbudsjettet for dette året. Lånetilsegnene frå bustadbankane har vori monaleg lågare enn i 1953. Utlåna har likevel gått noko opp, sidan tilsegnsummane i åra før var svært høge. I alt har statsbankane i 1954 lånt ut om lag 650 mill. kroner. Av dei er om lag 550 mill. kroner dekte ved lån frå staten, som atter har skaffa midlane ved å ta opp lån i bankane og hos trygdeselskapa for i alt 571 mill. kroner.

Utanom desse låna har staten i 1954 ikkje teki opp innanlandske lån. Nokre statsforetak og statsbankar har likevel teki opp innanlandske obligasjonslån for bortimot 100 mill. kroner. Rentetilhøve og lånevilkår har vori om lag som i 1953.

Noregs Banks diskonto har i 1954 òg vori 2½ prosent. Utlånsrenta og innskotsrenta åt bankane har sameleis vori ubrigda.

Offentlege finansar.

Den finansielle stoda til kommunane må framleis stort sétt seiast å vera god. Men dei økonomiske tilhøva er svært ulike for dei ymse kommunane.

I budsjettåret 1954—55 er det stelt til rådvelde om lag 68 mill. kroner til ein skatteutjamningsskipnad. Tanken med den er å setje dei kommunar som elles ikkje maktar det, i stand til å løyse oppgåvene med ei skattlegging som etter tilhøva er rimeleg, og å lyfte den ålmenne standarden i kommunar som må seiast å vera vanskeleg stelte økonomisk. Om lag 60 mill. kroner er bytte på 482 landkommunar og 17 bykommunar, og om lag 8 mill. kroner er gjevne som tilskot til fylkeskommunar til å setje ned fylkes-skatten.

Dei kommunale skattane steig med om lag 7 pst. frå 1952—53 til 1953—54, men ein må rekna med ein litt mindre auke frå 1953—54 til 1954—55.

Dei store investeringane i tida etter frigjeringa har ført til ikkje liten auke i lånegjelda åt kommunane. Over 80 pst. av lånegjeldsauken kjem av dei store utgiftene til elektrisitetsutbygginga.

Utgiftene på statens budsjettrekneskap for 1953—54 er større enn året før, medan inntektene er mindre. Inntektene kom opp i 4 330 mill. kroner. Utgiftene på driftsrekneskapen var 4 055 mill. kroner. Med avdraga på statsgjelda, 258 mill. kroner, og anleggsutgiftene, 310 mill. kroner, vart utgiftene i alt 4 623 mill. kroner. Underskotet på heile budsjettrekneskapen vart såleis 293 mill. kroner.

Dei overførde løyvingane, som kviler som ein skyldnad på statskassa, har gått ned med 84 mill. kroner og er no på 857 mill. kroner.

Det private forbruket.

Rekna på grunnlag av dei prisar som gjeld kvart år, steig det private forbruket 6 pst. frå 1953 til 1954. Sidan nasjonalproduktet auka noko sterkare, gjekk forbruksdelen ned frå 58 til 57 pst. Prisane på dei varer og tenester som blir nytta til privat forbruk, steig ikring 2,5 pst. frå 1953 til 1954, slik at det private forbruket rekna i faste prisar auka med vel 3 pst. Dette er ein noko sterkare auke enn frå 1952 til 1953.

Auken frå 1953 var størst for bustadtene-ster, reiser, bilar, motorsyklar og ymse varig utstyr for heimen. Men forbruket auka og for mest alle dei andre vare- og tenestegruppene. Salet av brennevin tok seg opp att siste året, og den lovlege omsetnaden var i 1954 enda noko større enn i 1951 og 1952. Omsetnaden av tobakksvarear heldt seg på same nivået som året før.

Tilgangen på vaskemaskinar, kjøleskåp og anna større utstyr har no vorti stor nok i høve til etterspurnaden. Men det er enno knapt om bustader og bilar.

Investeringa.

I 1954 vart 35 pst. av brutto-nasjonalproduktet nytta til brutto-investering. Det var om lag same prosenten som i 1953. Prisane på investeringsvarer har ikkje endra seg mykje, og største delen av auken på 9 pst. i investeringsutgiftene skriv seg difor frå mengd-endringar.

Rekna i mengd auka brutto-investeringa i bygningar og anlegg med 4 pst. frå 1953 til 1954. Auken var størst for ymse slag forrettingsbygningar, sjukehus og skular. Bustadbygginga var om lag som i 1953. Innførsla av skip var sers stor i 1954, og brutto-investeringa i skip auka om lag 15 pst. frå 1953 til 1954. Investeringa i maskinar og transportmateriell auka med ikring 6 pst.

Varelagra har truleg ikkje endra seg mykje det siste året, medan det for 1953 er rekna med ein nedgang på om lag 150 mill. kroner.

Kyrkje, skule- og opplæring.

Det er no om lag 900 prestestillingar i kyrkja. I året 1954 er det ordinert 31 nye prestar til teneste i kyrkja og i religiøse samskipnader.

Arbeidet med å atterreise kyrkjene i krigsskadde strøk held fram.

Folkeskulen har i 1954 hatt eit godt arbeidsår, men framleis er det skort på lærarar og klasserom. I skuleåret 1954—55 er det 401 000 elevar i folkeskulen, ein auke på om lag 20 000 frå 1953—54. Barnetalet stig framleis og krev fleire lærarar og meir skulerom, jamvel om tilgangen i førsteklassane syner nedgang. I alt er det bygd om lag 150 000 kvm. nye skular i 1954. I Finnmark og Nord-Troms held atterreisninga av skulehus fram i det omfang som arbeidskraft og materialar gjer det mogeleg.

Framhaldsskulen har og hatt eit godt arbeidsår trass i at det er for få lærarar. Det er skipa mange nye klassar og kurslengda er mange stader auka. Elevtalet vil i åra framover auke sterkt på grunn av dei store årskulla av 14-åringar.

Ved spesialskulane har alle elevplassar vori nytta. Skulane for døve, evneveike og born med talevanskar har lange ventelister. Ved skulane for born og ungdom med tilpassingsvanskar er det heller ikkje plass for alle som treng det. Det samla talet på elevplassar i spesialskulane har auka frå om lag 1 600 i 1952—53 til om lag 1 700 i 1953—54. Ved Huseby blindeskole er nybygget teki i bruk, og der er skipa ein framhaldsskule for blinde. På Halsnøy ved Bergen er den første yrkesskulen for evnerike jenter sett i gang.

I den høgre ålmenskulen er elevtalet i skuleåret 1954—55 46 701. Dette er ein auke på 2 790 samanlikna med året før. I 1954 melde det seg 3 955 eksaminandar til examen artium og 7 473 til realskuleeksamen. Hausten 1954 vart det i Rørvik sett i gang statsreal-skule for Nord-Trøndelag fylke. Den landsplanen for skiping av 2-årige statsreal-skular på bygdene som Stortinget gjorde vedtak om i 1940, er dermed gjennomført.

Folkehøgskulane hadde i 1953—54 same elevtalet som året før, om lag 4 300. 71 skular var i gang mot 75 i 1952—53.

Lærarskulane har i skuleåret 1954—55 teki opp 37 førsteklassar. I alt er det nå 73 klassar med til saman 2 200 elevar. Det er sett i gang ein ny, mellombels lærarskule, Statens lærarskuleklassar i Stavanger. I alt er det 13 lærarskular.

Utbygginga av yrkesskulane held fram. Byggearbeidet ved Statens teknologiske institutt vart sett i gang hausten 1954 og vil

truleg ta 3 år. 3 verkstadskular (forskular) og 5 bedriftsskular som før har hatt tilskott av løyvinga til omfram yrkesopplæring, er førde over på det faste yrkesskulebudsjettet frå 1. juli 1954. Elevtalet i yrkesskulane var i 1953—54 om lag som året før. For etternemnde skuleslag var tala: Verkstadskular og halvårs- og årskurs av løyvinga til omfram yrkesopplæring 4 600, lærlingskular 8 000, tekniske skular 1 170. Frå Yrkeslærarskulen vart uteksaminert 39 lærarkandidatar.

Lov av 14. juli 1950 om lærlingar i handverk, industri, handel og kontorarbeid gjeld nå 12 handverksfag og 10 faggrupper av jern- og metallindustrien. Lova vil venteleg bli sett i kraft for om lag 10 nye handverksfag ut på nyåret 1955.

Forsøksrådet for skoleverket vart oppnemnt ved Kgl. resolusjon 24. september 1954. Det er tilsett ein leiar av forsøk i skulen.

Ved Universitetet i Oslo er det i haustsemestret 1954 om lag 3 200 studentar. Arbeidet med nybygget på Blindern for ernæringsfysiologi, biokjemi og zoofysiologi går etter planane. Ved Universitetet i Bergen er det i haustsemestret 1954 415 studentar. Det er sett ned eit interimsutval til å drøfte visse spørsmål i samband med utbygginga av Haukeland sjukehus til universitetsklinikk. Utbygginga av Biologisk stasjon på Espeland held fram. Planane for bygging av eit odontologisk institutt er under utforming. Reglement for språkleg-historisk embetseksamen er fastsett hausten 1954. Ved Noregs tekniske høgskule er det i haustsemestret 1954 1 219 studentar. Arbeidet med utvidinga av Kjemiavdelinga held fram. Blokk I er teken i bruk, Blokk II er under bygging og Blokk III blir planlagd. Ved Noregs tannlækjarhøgskule er det i haustsemestret 1954 om lag 200 studentar. Pr. 30. juni 1954 studerte i alt 185 studentar odontologi i utlandet. Desse studentane var utvalde av høgskulen. Noregs Lærarhøgskule har 58 studentar i haustsemestret 1954. Det er planar om å byggje ein ny høgskule på Rosenborg i Trondheim. Noregs Handelshøgskule har om lag 150 studentar i haustsemestret 1954. Ein ny handelshøgskule i ytre Sandviken blir planlagd.

Statens lånekasse for studerande ungdom har pr. 15. desember ikring 13 000 låntakarar med ein samla lånesum på om lag 51 mill. kroner. Tilskottet til reisemoderasjon for studentar og skuleungdom blir haldi oppe som tidlegare år. Auken i løyvingane til sosiale tiltak for studerande ungdom har m. a. ført med seg at middagsprisane ved matstadene til Studentamskipnaden i Oslo er gått ned med ca. 25 pst.

Dei folke- og skuleboksamlingane som har statsstønad, har hatt god framgang i 1954. Det viser seg at utlånet etter kvart blir større, og det er lånt ut om lag 5,4 mill. band frå folkeboksamlingane og om lag 2,3 mill. band frå skuleboksamlingane. Eit par kommunar har i det siste året reist eigne bygningar for biblioteka sine og i fleire andre kommunar er dei i gang med å reise eller planleggje eigne bygningar. Utbygginga av det frie kulturarbeidet held fram med tiltak til hjelp for det friviljuge opplysnings- og studiearbeidet, og tiltak til å føre god kunst og andre kulturverde til alle strøk av landet. Riksteatret hadde i 1954 777 framsyningar på ulike stader i landet og om lag 100 000 menneske såg framsyningane. Norsk Bygdekino hadde ikring 20 000 framsyningar for om lag 1 mill. menneske. Riksgalleriet har vitja 118 stader i 4 fylke, og til saman 54 000 menneske såg utstillingane. Opplysnings- og kulturfilm frå Statens Filmsentral vart synt fram for meir enn 900 000 menneske. Talet på foredrag i folkeakademina, talet på kveldskurs for vaksne og talet på studieringar har auka sterkt.

Av overskotet i Norsk Tipping A/S vart det til vitskapelege formål delt ut 18 mill. kroner og til idrottsformål 7 mill. kroner. Arbeidet med å byggje ut idrottsanlegg held fram etter dei planane som Statens Ungdoms- og Idrottskontor har lagt i samarbeid med idrottsorganisasjonane, kommunane og fylka. Etter krigen er over 1900 idrottsanlegg gjort ferdige og over 3000 er i arbeid eller under førebuing. Arbeidet med samfunnshus er teki opp på om lag 570 stader.

Helsestellet.

Helsetilstanden i folket kan framleis seiast å vera god. Landsfarangar av alvorlege sjukdomar har det ikkje vori i 1954, men det har vori lokale epidemiar av poliomyelitt i Nordland og Troms. Trass i ein gradvis nedgang i tuberkulosedødsfall og i talet på nye tilfelle av tuberkulose representerer denne sjukdomen framleis eit alvorlegare samfunnsproblem enn dei andre infeksjonssjukdomane til saman. Den vidfemnande kampen mot dei veneriske sjukdomane held fram, og talet på nye tilfelle er etter måten lågt. Det er gjort avtale mellom Noreg, Danmark og Sverike om sams tiltak mot pestsjukdomar.

Dei viktigaste dødsårsakene er framleis hjarte- og blodkarsjukdomar og kreft. Til saman valdar desse sjukdomane om lag 30 pst. av alle dødsfall. Ulykker spelar relativt sett ei stendig større rolle som dødsårsak. Spebarndøyinga er i gledenleg tilbake-

gang, men er enno høg i den nördste luten av landet. Døyinga mellom barselkvinner held seg låg.

Den ålmenne samfunnshygienen er stadig i framgang. Kloakk- og drikkevatttilhøva reiser etter kvart stendig større hygieniske problem for kommunane. Helsearbeidet mellom gravide, speborn, småborn og skuleborn og serskilde yrkesgrupper blir utvida etter kvart.

Helseproblema til den eldre delen av folket har vorti inngåande granska i 1954, og retninglinene for helsearbeidet mellom dei gamle blir no oppdregne.

I 1954 er talet på plassar i offentlege sinnsjukehus og pleieheimar auka med 145. Det har dessutan komi til nokre plassar for sinnsjuke i private pleieheimar.

Den kurklinikken for 36 epileptiske born som Sosialdepartementet i 1952 fekk fullmakt til å ta mot som gåve frå den norske Raudekrossen, er opna.

Det har i året komi til 150 plassar for åndsveike i godkjende heimar.

Det er framleis om lag 3500 lækjarar i landet, men fordelinga er noko ujamn, serskilt gjeld det spesialistar. Talet på sjukepleiarar i arbeid er om lag 9100, og skorten på sjukepleiarar gjer seg framleis sterkt gjeldande. Tilgangen på elevar til sjukepleieskulane har relativt sett vorti noko betre i 1954, og ligg no på om lag 1000 i året. Frå Statens Helsesystemskule er det etter kvart utdانا i alt 336 helsesyster, og av dei er 300 i helsesysterarbeidet. Etterspurnaden etter helsesyster er langt større enn tilgangen til yrket.

Folketannrøkta er innført i Finnmark, Nordland og Nord-Trøndelag. Utbygginga er hindra av skort på tannlækjarar.

Utbygginga av Rikshospitalet og Radiumhospitalet held fram i samsvar med dei planane som er oppdregne. Det går òg for seg ei sterk utbygging av dei vanlege sjukehusa elles kring i landet.

Sosiale tiltak.

Barnevernet er utbygd vidare i 1954. Den nye barnevernlova tok til å gjelde 1. juli 1954. Statens barnevernsråd er oppnemnt. Barnevernsnemndene er valde og har teki til med arbeidet. Sosialdepartementet har haldi fleire møte med barnevernsnemnder og kommunale tenestemenn til å rettlege om lova og barnevernet. Det fjerde eitt-års tilleggskurset for styrarar av barneheimar er avslutta.

Husmorvikarverksemda er vidare utbygd, slik at det berre er 100 kommunar som ikkje

har husmorvikarar. Det er no skipa i alt 1400 husmorvikarstillingar.

Forbrukarrådet har komi godt i gang med arbeidet på ei rekkje område.

Edruskapstilhøva har vori etter måten gode. I tida etter frigjeringa er forbruket av lovleg omsett alkohol og talet på misferder mot rusdrykklovgjevinga gått ned. I denne utviklinga er det ein tydeleg tendens til å overføre forbruket frå brennevin til veikare drikkevarer.

Opplysningsverksemda om alkoholspørsmålet er dei siste åra gjort meir effektiv.

Edruskapsnemndene har haldi fram med og utvida arbeidet sitt mot alkoholmisbruken.

Alderstrygdpensjonane og blinde- og vanførehjelpa er auka i 1954. Sameleis er krigspensjonane for sjømenn og deira etterlatne justerte, slik at pensjonstilhøva deira har vorti betra.

Arbeidet for flyktningane er ført vidare etter dei same linene som før. Ved omskuling, arbeidsplasing og hjelp til å få bustad er yrkesvalhemma flyktningar førde inn i arbeidslivet.

Rørsla i folkemengda.

Folkemengda har i 1954 auka med om lag 32 000, slik at den folkemengda som høyrer heime i landet, ved utgangen av året vil bli 3 408 000 mot 3 376 000 ved utgangen av 1953.

Etter førebels oppgåver var det i dei 3 første kvartala av 1954 18 782 giftarmål mot 19 090 i det tilsvarande tidsromet av 1953. Det vart registrert 48 001 levandefødde born mot 48 754 i dei 3 første kvartala av 1953. Talet på døde i dei 3 første kvartala av 1954 var 21 341 mot 21 060 i dei tilsvarande 3 kvartala av 1953.

Fødseloverskotet i dei 3 første kvartala av 1954 var 26 660 eller om lag 1000 mindre enn i det tilsvarande tidsromet av 1953.

Ei førebels opteljing av dei meldingar som er komne inn til folkeregistra om flytningar innanlands, syner at i alt 109 484 personar skifta bustadkommune i dei 3 første kvartala av 1954. Oppgåvene frå folkeregistra over flytningar til og frå utlandet i dei same 3 kvartala syner at det var eit overskot av utflytte til utlandet på om lag 900 personar.

Gjevi på Oslo slott 10. januar 1955.

Under Vår hand og riksseglet.

HAAKON
(L. S.)

Oscar Torp

Leif Østern